

Hordaland fylkeskommune

[hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)

Dykkar ref. 2017/4336

Knarvik, 20. oktober 2017

### Uttale til Forslag Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029

Regionrådet i Nordhordland vil gje ein samla uttale til Investeringsprogrammet.

#### Målet for fylkesvegnettet er:

«Hordaland skal ha eit trafikksikkert og framkomeleg fylkesvegnett. Vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet.»


Vedlikehaldsetterslepet og naudsnyt oppgradering er berekna til 7,3 mrd. kr. I 2017 er midlane til drift og vedlikehald 500 mill. kr, men behovet er 1 000 mill. kr for å stoppe det årleg forfallet (sjå kap. 3.1.2).

Regionrådet i Nordhordland er heilt einig i målsettinga, me har på sikt ikkje råd til å la vere. Nordhordland har dei lengste samanhengande strekningane med ein-felts køyrebane og med mykje dårlig vegstandard. Dersom forfallet får fortsette som no, vil det gje dårligare rammer for vekst og utvikling i regionen.

Det bør setjast av meir midlar til vedlikehald, men det må også sjåast på korleis midlane kan nyttast på ein kostnadseffektiv måte som gjer at ein får mest mogeleg igjen for midlane.


For å få ei betre forståing av ressursbruken har me sett på KOSTRA tal for Hordaland samanlikna med andre fylke. Det seier noko om utviklinga over tid og korleis ressursbruken er samanlikna med andre fylke.

#### Ressursbruk - KOSTRA




Hordaland er av dei fylka som nyttar mest til drift av fylkesvegane målt som ressursbruk pr km. I høyringsdokumentet står det at; «Fylkeskommunen har dei siste åra løyvd monaleg mindre til drift- og vedlikehald av fylkesvegane, enn det som Statens vegvesen har meldt inn som budsjettbehov.», pkt 3.1.2.

## Investering - fylkesveg pr km i 1.000 kr




Det som skil Hordaland desidert mest frå andre fylke er at investeringsutgiftene pr km fylkesveg er høg. I figuren under er det tatt med dei 6 fylka som nyttar mest til investering pr km fylkesveg.

## Ressursbruk - investering og drift pr km fylkesveg - 1.000 kr



Når ein ser midlane nytta til drift og investering samla så utgjer midlane til drift 32 % i Hordaland. Gjennomsnittet for landet er om lag 50 %. I 3.1.1 står det at førre RTP slo fast at vedlikehald skulle prioriterast høgare enn nyinvesteringar.

## Andel km fylkesveg med därleg dekke



Over 50 % av fylkesvegane i Hordaland har därleg/svært därleg dekke, bare i Troms fylke er det høgare. Rogaland har no ein andel som er under 40 %, denne var på 50 % i 2013. Det har dei nådd ved at om lag 10 % av fylkesvegane har fått nytt dekke pr år i 2015 og 2016. For Hordaland var det 7 % i 2015 og 1 % i 2016, snitt på 4 %. Rogaland

og Hordaland har om lag like mange km fylkesveg pr innbyggjar - 5 og 6 km.

## Ressursbruk og resultat

Hordaland er av dei fylka som nyttar mest til fylkesvegane sett i forhold til tal km. Det er viktig at resultata av denne ressursbruken kjem tydeleg fram. Me har ein fornying av dekke som fortel oss at andelen veg med därleg dekke vil auke. I kap 6 – måloppnåing er det forventa 80 km med ny asfalt i 2018. Da tar det nesten 20 år før det er ny asfalt der kor me i dag har därleg dekke. Med 20 års levetid på dekke må det årleg asfaltermast om lag det doble – 150 km. Da vil ein etter kvart kunne få redusert tal km med därleg dekke, med den planlagde måloppnåinga (80 km) så vil situasjonen forverre seg.

Hordaland og Sogn og Fjordane skil seg ut med mange tunnelar, andel av fylkesvegane i km er 3,4 og 3,8 %, det gir høgare ressursbruk enn i andre fylke.

I Nordhordland er det mange km med fylkesveg som treng nytt dekke. Me vil også peika på at fv 569 frå Romarheim til Dalseid har ein därleg standard. Dette er ein omkjøringsveg for E16 og har difor til tider stor trafikk.

## Brusamband

Ny Alversund bru er eit av dei viktigaste prosjekta i regionen. Den har stor trafikk og er heilt naudsynt som omkjøringsveg. Brua er utgått på dato. Finansiering av ny bru må difor kome på plass så raskt som mogleg og seinast i 2021 når RTP vert revidert slik det står i forslag til investeringsprogram.

I tillegg til finansieringa er det viktig at planarbeidet føl dei tidsfristane som er lagt opp. Lindås kommune set no i gang arbeidet med kommunedelplan for Knarvik-Alversund med Alverstraumen, og planen er at den skal endeleg handsmast av kommunestyret juni 2019. Når den er vedteke, er det viktig at arbeidet med reguleringssplan startar opp med ein gong. Det må difor settast av ressursar til dette frå og med juni 2019. Det er svært viktig at tidsplanen som no er lagt opp til vert følgt.

Bygging av ny bru må kome så raskt som mogleg slik at me nyttar ressursane der, og ikkje på ei gamal bru som ikkje er framtidssikret. Det som står i forslaget til investeringsprogram om Alversund bru må følgjast opp.

## Gåande og syklande

Fylkesveg 567 gang/sykkelveg Loftås – Hauge vil gje ei samanhengande og trafikksikker løysing mellom dei største tettstadene i Osterøy kommune, Valestrand – Lonevåg. Prosjektet er prioritert i Osterøy sin trafikksikringsplan, men omfanget for stort for posten for årlege løvingar til trafikksikring.

Fylkesveg 57 har lange strekningar som ikkje er tilrettelagt for gåande eller syklande. Me tenker spesielt på strekninga frå Lindås til Mongstad. I kap 5.2.9 i RTP står det følgjande:

«Utanfor byar og tettstader kan det vere aktuelt med brei vegskulder i staden for adskilt gang/sykkelveg.» Dette er også følt opp i investeringsprogrammet kap 5.2. Me ser det som viktig å nytte differensierte verkemidlar for å fremje meir sykkel og gange.

## Fylkesvegnettet - overordna fylkesveger – forslag til endringar

- Fylkesvegen frå Årås i Austrheim via Radøy – FV 565 - vert klassifisert som ein overordna fylkesveg. Den er einaste mogelege omkjøring dersom fylkesveg 57 mellom Knarvik og Mongstad skulle bli stengt.
- Fylkesveg 564 i Meland må oppgraderast til overordna fylkesveg frå Frekhaug til Rossland. Strekninga er viktig for næringslivet og utviklinga av lokalsamfunnet - og den har høg trafikk.
- Fylkesveg 570 fram til Masfjordnes er overordna fylkesveg, den må forlengast frå Duesund og fram til fylkesgrensa til Sogn og Fjordane slik at dette vert samanhengande.
- Fylkesveg 57 frå Knarvik til Mongstad må bli omklassifisert til riksveg, dette har Regionrådet bedt om i mange år.

## Ferjer

Det private ferjesambandet Valestrand – Breistein er mellom dei største sambanda i Hordaland (nr. 7 for køyretøy og nr. 5 for passasjerar (2015)). Sambandet er viktig for mange arbeids- og skulereisande mellom Osterøy og omlandskommunane (Bergen, Nordhordland, mfl.). Ein særslig del av passasjerane reiser kollektivt (ca. 40%). Alternativ reise for fleirtalet av dei reisande vil vere privatbil – sjølv om framtidig busstilbod vert forsterka.

For å sikre ein økonomisk og miljømessig bærekraftig drift av ferjesambandet og vidareføring av ein sterkt kollektiv reiseveg, ber Regionrådet Hordaland fylkeskommune i 2018/2019 om å innlemma Valestrand – Breistein i det offentleg støtta ferjetilbodet i fylket (anbodssystemet). Ferjesambandet er kort og særslig godt eigna for elektrifisering.

## Ferjeavløysingsprosjekt

Regionrådet viser til kap 4.2.2 i RTP 2018-2029, vedtatt av fylkestinget i juni 2017, og ber om at intensjonen i dette avsnittet vert vidareført i investeringsprogrammet. I investeringsprogrammet kap. 5.3.3 under overskrifta Ferjeavløysingsprosjekt, 1.avsnitt står det, «*Det blir lagt til grunn at desse prosjekta ikkje skal tilførast budsjettsmidlar frå fylkesbudsjettet utover ordninga*». Setninga må endrast slik at den vert i samsvar med RTP som fylkestinget vedtok i juni; «*Dersom dei reelt innsparte ferjekostnadene ikkje er tilstrekkeleg til å finansiere aktuelle ferjeavløysingsprosjekt, vil det vere nødvendig å vurdere lokal delfinansiering gjennom kommunale tilskot og bompengefinansiering, samt fylkeskommunale investeringsmidlar for å få fullfinansiert prosjekta.*» Den same endringa må også skje i kap. 6 i avsnittet om ferjeavløysingsprosjekt.

I vår region må me få Masfjordbrua finansiert med ferjeavløysingsmidlar Det må da gjerast vedtak i løpet av 2017 som eit fylkeskommunalt vegprosjekt. Regionrådet i Nordhordland forventar at alle involverte partar stiller opp for å nå denne fristen. Me får ei ny og viktig bru med statlege midlar utan at det kostar fylkeskommunen noko og me er med å byggje den nye Vestlandsregionen sterkare.

Brua i Masfjorden vil og vera med å styrka samferdsla og næringslivet i ytre deler av Sogn og Fjordane og vil byggja opp under den nye regionen «Vestlandet».

## Innfartsparkering – knutepunkt

I distrikta vil det ofte vere naturleg å kombinere bil med kollektivtrafikk. For å få til dette, må det leggast til rette for innfartsparkering der bussane raskt kjem inn og ut. I strategi for innfartsparkering som fylket vedtok i 2015 er det planar for ny kollektivterminal og innfartsparkering på Flatøy. Regionrådet i Nordhordland ser det som svært viktig at den planen vert følgt opp framover. Det same gjeld for Arna og innfartsparkering der. Kapasiteten på innfartsparkeringa må vere høg nok, det er ei utfordring i dag i aksjen Knarvik – Frekhaug. Der det er innfartsparkering må det også leggast godt til rette for sykkelparkering, det er fram til no lite prioritert.

## Hurtigbåt

Hurtigbåten som går mellom Knarvik-Frekhaug- Bergen er ein viktig del av kollektivtilbodet i Nordhordland. Det må i framtida gjerast investeringar i denne som legg til rette for større trafikk og meir miljøvennlege løysingar.

## Ny teknologi

Me ser at nye teknologiske løysingar kjem som mellom anna autonome køyretøy, og me tenkjer at me må vera villige til å prøve ut og teste nye løysingar. Dette kan etter kvart gje rom for å effektivisere ressursbruken og frigi ressursar som kan nyttast på andre område ved å gi nye tilbod eller auka omfang.

## Val av standard

Det vil vere knappe rammer i forhold til dei behova som er. Det er difor svært viktig at det handlingsrommet som fylkeskommunen har til å fråvike vegnormalane vert nytta på ein god måte. Me trur at fylkeskommunen framleis har meir å gå på der. Det vil vere meir fagleg krevjande, men det kan gi meir tenleg veg for pengane.

Med venleg helsing  
Alle ordførarar i Regionrådet Nordhordland (9 kommunar)

*Karstein Totland*

Karstein Totland  
Leiar  
Regionrådet Nordhordland

*Rune Heradstveit*

Rune Heradstveit  
Dagleg leiar  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS

Kopi: Kommunane i Region Nordhordland

Sakshandsamar: Bent Gunnar Næss | e-post: bgn@nordhordland.net | mobil 481 24 623